

Helge Øvretun
Øvstedalsvegen 437
6856 Fardal

Norconsult AS
V/Tone Kvåle

Merknad til varsel om oppstart av planarbeid – endring av detaljreguleringsplan for tilkomstveg til Sogndal transformatorstasjon

Ved opparbeiding av den nye tilkomstvegen har det vore gjort store inngrep på området rundt vegkroppen. I den nye detaljreguleringsplanen må det leggest inn krav om at framtidige skadar/ulempes vegutbygginga skaper for området rundt vegkroppen skal utbetrast av eigaren av vegen.

Det er konstatert at bekkeløp/vassig har teke nye vegar etter vegbygginga. Slik vassvegane er no har dette skapt auka erosjon og rasfare i området. Det har rast ut tre gonger på underteikna sin eigedom etter vegutbygginga. Det er gjerde som er øydelagd på grunn av anleggsarbeid og som ikkje er sett opp att eller erstattast. Det er transportert vekk store mengder jord frå områda rundt vegen utan at dette er ordna opp i. Alle desse forholda skulle vore retta opp i etter krava som er sette i gjeldande detaljreguleringsplan, men dette er ikkje fullført. Det må no ikkje bli slik at nokon av krava i gjeldande detaljreguleringsplan, til å ordne opp at etter vegutbygginga, blir teken vekk frå den no planlagde reviderte utgåva av detaljreguleringsplan.

I denne fordbindelse ser underteikna det som viktig at blant anna følgjande punkt, som går fram av den vedtekne «Detaljreguleringsplan for tilkomstveg til Sogndal transformatorstasjon», blir vidareført i den nye reviderte planen:

3.1.1 Vegen sin funksjon

«Vegen har funksjon som anleggsveg og tilkomstveg til transformatorstasjonen på Hagafjellet . I tillegg er det føresett at landbrukseigedommane kan nytte vegen som tilkomstveg til dei dei ulike teigane langs vegen.

Det er lagt til grunn tryggleiksklasse F1 i høve flaum. Vegen skal dimensjonerast/sikrast mot flaum slik at største nominelle sannsyn ikkje overskrider 1/20.

I høve tryggleik mot skred, er det lagt til grunn tryggleiksklasse S1. Det inneber at vegen skal dimensjonerast/sikrast mot skred slik at største nominelle sannsyn ikkje overskrider 1/100.


Vegen skal ikkje endre risikobiletet i høve flaum, ras og skred for etablerte bustader og driftsbygg i Øvstedalen.»

3.3 DRENERING

«Grøfter og grøftedjupn skal tilpassast dei stadlege dreneringstilhøva. Eksisterande bekkar og grøfter skal haldast inntakt. Dei skal ha jamt fall, større steinar og fjell skal fjernast. Ved vanskelege grunntilhøve skal grøft steinsettast for å hindre erosjon.»

Kulvertar og stikkrenner skal dimensjonerast for flaumstorleikar som gjentek seg kvart 25 – 50 år (Q25 - 50). Kulvertar og stikkrenner skal leggjast i alle bekkedrag og terrengsøkk. Samanføring av bekkar skal ikkje førekomme.»


3.1.1 Vegen sin funksjon



Figur 3.6: Prinsipp for avtaking om mellomlagring av frøbalanding

Avtaking og mellomlagring:

- Frøbankjord og andre laumassar langs veglinja, så langt det er mogleg
- Øverste 10 – 20 cm av frøbankjorda vert teken av og lagra i eigne rankar
- Rankane med frøbankjord skal ikkje blandast med andre traumassar
- Ved avtaking av frøbankjorda bør overgangen til urørt terreng vere uregelmessig eller «sagtanna» slik at grensa mellom rørte og urørte areal i det ferdige veganlegget vert viska ut.



Figur 3.7: Prinsipp for utlegging av frøbankar

Utlegging av frøbankjord:

- Frøbankjorda skal leggjast tilbake på same avsetting langs vegen som den vart henta frå.
- For å dempe frodigheita skal frøbankjorda leggjast tilbake så tynt som mogeleg
- For å unngå tydeleg skilje som kan hemme vasstransporten til frøbankjorda, skal frøbankjorda «rotast ned i» massane i underlaget.

3.4 EIGEDOMSTILHØVE OG DRIFTSTILHØVE

«Der eksisterande gjerde på innmark/utmark vert rørt av anleggsarbeid, for eksempel mellom eigedomsgrenser, skal det settast opp att eller erstattast med nytt standard landbruksgjerde på trestolpar i tilsvarande kvalitet.»

3 FELLES FØRESEGNER

«3.1 Krav til nærmare granskingar samt helse miljø og tryggleik (HMT)

a. Før tiltak kan gjennomførast skal det utarbeidast plan for handtering av overflatevatn, og evt. tiltak skal gjennomførast før eller samtidig med at vegen vert opparbeidd. I planen skal det dokumenterast at krava til tryggleik i teknisk forskrift til plan - og bygningsloven er ivareteke for vegen og bygg på landbrukseigedomane.»

For å syne problema med den manglande handteringa av overflatevatnet etter utbygginga viser eg til kontakten advokatfirma Harris v/Frode S. Halvorsen hadde med Norconsult AS, datert 4. august 2017 (sjå vedlegg). I denne korrespondansen vert Ros-analysen kommentert generelt og vassproblema

spesielt. Underteikna konstaterer at utbygger ikkje har utført nokon tiltak for å betra tilhøva rundt vassproblema etter denne kontakten.

Fardal den 5.4.2018

Helge Øvretun.